



# KYRKJEBLADET

## FOR VESTNES

NR. 2 - AUGUST 2011

16. ÅRGANG



### *Vegskilje*

*Oljemåleri av Svanhild Flate*



# Kom, for alt er ferdig!

Av Signe Hellevik

Det er noe mystisk over nattverden. Er det noe som skjer for de spesielt innviende eller spesielt interesserte der framme ved alterringen? Eller for dem som regner seg som ekstra fromme? En liten, tørr kjeks og noen få dråper vin. Hva er det egentlig?

**Nattverden er et sakrament**, det vil si en hellig handling der Gud gir sin usynlige nåde gjennom synlige midler. De synlige midlene er brød og vin.

Jesus startet det hele. Han innstiftet nattverden siste gang han spiste sammen med disiplene sine. Det var påske, og de var samlet rundt et tradisjonelt måltid til minne om friheten fra slaveriet i Egypt. Det var et avskjedsmåltid, men det var det bare Jesus som visste.

Da var det Jesus tok brødet og brøt det i biter, gav det til hver av dem og sa: Ta dette og et det. Det er min kropp. Deretter tok han et beger med vin og lot alle drikke etter tur. Dette er mitt blod, sa han. Gjør dette til minne om meg.

**Nattverden er altså et minnemåltid**, til minne om Jesus og alt han var og gjorde.

Men det er mer: Mitt blod er utøst for dere til syndenes forlattelse, sa Jesus. **Nattverden formidler Guds tilgivelse.**

**Nattverden er et fellesskapsmåltid.** Slik som en familie eller gode venner spiser sammen, er nattverden et måltid som markerer at vi hører sammen som Guds familie. Det at alterringen er halv, symboliserer fellesskapet med dem som har gått foran oss. **Nattverden er et gledesmåltid** og en forsmak på det store festmåltidet i Guds rike.

Nattverdmåltidet er for alle døpte. Det spørres ikke etter

tanker, følelser eller meninger. Det dreier seg om å ta imot og spise. Enkelt og fysisk. Det er tro, en enkel og konkret tro som er tilgjengelig for alle, uansett dagsform eller sinnstemning – eller følelse av verdighet. Barna er også invitert med. Så snart de er store nok til å spise og drikke selv, kan de ta imot nattverden. Det er opp til foreldrene å vurdere når de er store nok. Før den tid kan foreldrene ta barna med fram til nattverdbordet – og presten vil legge handa på hodet deres og velsigne dem.

Vinen er av-alkoholisert, og selv om den kan smake litt rart for de minste, er det ikke alkohol i den altervinen som blir brukt i våre kirker. Det finnes også glutenfrie oblater.



Tradisjonelt feires nattverden ved at man kommer fram og kneler ved alterringen. De siste åra har det også blitt vanlig å dele ut nattverden ved intinksjon. Det vil si at man tar imot brødet og dypper det i vinen før man spiser det.

Brød og vin var en del av hverdagskosten på Jesu tid og markerer også noe alminnelig. Et måltid gir ny energi, og **nattverden er et styrkemåltid**, som en rasteplass eller niste på livsveien. Brødet og vinen gir næring for vårt åndelige liv og dermed for hele livet.

**Nattverden er et mysterium.** Hellig og hverdagslig. Mer enn vi forstår, og samtidig så enkel at alle kan ta imot. Det handler om å gå, ta imot og spise – og la Gud få virke og prege vår hverdag og vårt liv. Invitasjonen er åpen: Kom, for alt er ferdig!

## ”VEGSKILJE”

er tittelen på forsidebiletet som er måla av Svanhild Flate.

Svanhild Flate målar både konkrete og abstrakte måleri i akryl og i olje. Bileta hennar har ofte sterke, klare fargar kombinert med gylne tonar, og ho spelar på kontrastar. Dette finn vi også i ”Vegskilje”. Her er fargane rettnok noko neddempa, men kontrasten mellom det lyse og det mørke er så tydeleg at den kan oppfattast symbolsk. Dette blir understreka av tittelen og av at både blikket og tanken fører oss inn til det lyse feltet sentralt i biletet. Korset som er plassert her, gjer at vi også kan gi biletet ei religiøs tolking. Eit vegskilje kan vere heilt konkret, men blir vanlegvis oppfatta abstrakt. I løpet av eit menneskeliv kjem vi alle til slike vegskilje. Anten hamnar vi der som eit resultat av eigne handlingar og haldningar, eller så hamnar vi der uventa og ufrivillig.

Her må vi foreta val som får konsekvensar for livet vårt vidare, og som kanskje gir det ei ny retning.

I biletet har Svanhild Flate gitt oss ei konkretisering av dette abstrakte temaet ved å vise oss to menneske som har kome i ein slik livssituasjon. Kva det gjeld, kva val som må takast og kva som blir konsekvensen for livet vidare, gir ikkje biletet oss svar på. Her står vi fritt til å filosofere. Men biletet formidlar håp, trøst, tru og forventning om at viktige val tekne i avgjerande situasjonar, får positive konsekvensar for oss. Dette blir understreka ved lyset som møter desse to, og korset som lyser mot dei.

Kari Moe Elgsaas

# Kyrkjelydstur, 19.06.11

Av Kaare Lervik



Også i år samarbeidde alle sokneråda i Vestnes om kyrkjelydstur, som denne gongen gjekk til Giske. Målet var å få med seg Giskespelet der innhaldet er henta frå tida like etter år 1000, ei sterk brytningstid da kristendommen heldt på å bli kjend. Stormennene i landet stod mot kvarandre på kvar si side i trua på Kvite-Krist, og dei var delte i synet på kongen.

Men først fekk vi oververe gudsteneste i Amfiet, som er scena til Giskespelet. Den gudstenesta vil vi nok minnst lenge. I svært lagleg vêr og med eit enkelt altar plassert i kulissar som skulle illudere eit gardstun for om lag 1000 år sidan, vart det ei heilt spesiell atmosfære. Giske Mannskor song både preludium og postludium. Eit brasband spelte der ein elles ville hatt orgel, og både sokneprest Anne Marit Riste og biskop Ingeborg Midt-tømme deltok. Biskopen heldt ei inspirert preike over teksten for denne dagen, Johannes 3, 1-15. Teksten handlar om møtet mellom Jesus og Nikodemus. I talen sin fekk biskopen fram eit viktig prinsipp i kristendommen, som seier at det er ved trua på Jesus at menneska blir frelst. Dei to siste versa i preiketeksten er slik: 14, *Og slik Moses lyfte opp ormen i øydemarka, slik må Menneskesonen lyftast opp*, 15, *så kvar den som trur på han, skal ha evig liv*. Der kunne biskopen ha slutta talen sin, men,

som ho sa, ho måtte ta med det neste verset også: 16, *For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv*.

Etter gudstenesta vart det så mykje tid til rådvelde at vi fekk ordne oss med mat. Om det vart mat frå eiga niste, eller om ein fall for freistinga til å kjøpe seg rømmegraut, skal det ikkje seiast så mykje om, men berre nemnast at grauten var god!

Vel ein halvtime før sjølv spelet tok til, var dei fleste aktørane komne på scena for å vise aktivitetar slik ein kan tru dei var på ein retteleg stor gard på Giske omkring år 1000. Her leika borna, her kom "eit nytt barn" til verda, her greidde fiskarane garna sine og her stod smeden ved ambolten, ja i det heile vart det ei fantasifull skildring av livet den gongen.

Så begynte Giskespelet, forteljinga om Arnungane på Giske og Olav Haraldsson, skrive av Johannes Heggland. Musikken er av Terje Skytterholm, og instruktør i år var Paul Ottar Haga. Forfattaren har teke utgangspunkt i Snorre si forteljing i "Soga om Olav den heilage". Her fekk vi høyre om Arne-sønene frå Giske og korleis dei kom til å spele ei stor og viktig rolle i nasjonal-dramaet som toppa seg i slaget på Stiklestad i år 1030. Ragnhild, dotter til Erling Skjalgsson på Sola og kona til Torberg, stod fram i soga som ei sterk og myndig kvinne.

Det vil føre altfor langt å skrive om sjølv framføringa, men det må seiast at her vart publikum rive med. Så å seie alle skodespelarane var amatørar. Mange av dei hadde vore med fleire år, og i takketalen sin karakteriserte Arne Tunheim, leiar for Giskespelet, aktørane som profesjonelle amatørar. Paul Ottar Haga fekk velfortent takk for arbeidet sitt.





# Konfirmantane våren 2011

Bilda nedanfor viser alle dei flotte konfirmantane i dei forskjellige kyrkjene i Vestnes kommune denne våren.



Konfirmantane frå Vike og Tresfjord.



Konfirmantane frå Helland.



Konfirmantane frå Tomrefjord.



Konfirmantane frå Fiksdal.

## VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

**Finn Arne Roaldsnes**, sokneprest

Telefon: 71184234 / 90829737

E-post: finn.arne.roaldsnes@vestnes.kommune.no

**Signe Hellevik**, sokneprest

Telefon: 71184236 / 91123045

E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

**Reidun Blø**, kontorsekretær

Telefon: 71184232

E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

**Toril Lillebø Nerland**, kyrkjevevje

Telefon: 71184235 / 48155034

E-post: kyrkjevevje@vestnes.kommune.no

**Sigurd Moltubak**, diakonileiar

Telefon: 71184237

E-post: diakon@vestnes.kommune.no

**Sissel Schjøtt**, kantor:

Telefon: 71184230 / 95270346

E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

**Geir Falch**, kyrkjetenar: Telefon: 93491298

**Inger Marie J. Sylte**, prosjektprest 71184238

E-post: ingermjakobsen@yahoo.no

**Nina Kvernmo**, Trusopplæringsmedarbeidar

Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

[www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)

## KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

**Adresse:** Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

**Kontonummer:** 4056.20.62124

**E-post adr.:**

[kyrkjekontoret@vestnes.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@vestnes.kommune.no)

eller

[vestnes.sokneraad@gmail.com](mailto:vestnes.sokneraad@gmail.com)

\*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen. Takk!*

# Pilegrimsvandring

av Audbjørg Gjerde Lippert

Mange ser ut til å ønske ein pause i kvardagen, bryte opp og dra ut på vandring mot eit heilag mål. Dette har vi ikkje berre i kristendommen, men i andre religionar òg, t.d. Islam, der Mekka er det store målet.

Det er mange kristne pilegrimsmål: Jerusalem, Roma, Santiago de Compostela og Lourdes, for å nemne nokre. I vårt eige land tenkjer vi vel først og fremst på Nidaros, der Olav den heilages skrin var oppbevart (før det blei borte). Til desse stadene vandra menneska i Middelalderen først og fremst for å gjere bot for synd, ofte pålagt av kyrkja. Det kunne vere harde kår for pilegrimen i dei dagar, sjølv om vi òg høyrer om pilegrimar som kunne leve godt undervegs.

I våre dagar har vandring til Santiago de Compostela i Nordvest-Spania blitt svært populært. Det er mange ruter som fører fram til dette målet, der vi ifølgje legenda finn restane av apostelen Jakob i eit sølvskrin ved alteret i den vakre katedralen. Han skal ha flote i land der, med kroppen dekt av kamskjel. Derfor har kamskjelet blitt symbolet som viser pilegrimen at han er på rett veg under vandringa mot Santiago. Det ligg nedfelt i vegen og er sett opp på vegskilt saman med gule piler. Følgjer du skjelet, når du målet enten du vandrar i stille lundar eller langs brølande motorvegar.

Le Puy i Frankrike er eit vanleg utgangspunkt for mange. Det er ei lang rute på 1600 km som går gjennom St. Jean Pied de Port som ligg på fransk side av Pyreneane (780 km), og ikkje langt frå Roncevalles på spansk side, som begge er mykje nytta utgangspunkt. Andre startar i byane Burgos eller León i Nord-Spania,

som blir mykje kortare ruter.

Med eit fellesnamn kallar ein vegen Franskeruta – El Camino Francés.

Franskeruta er rekna som ei trygg rute for pilegrimen.

Undervegs finn ein herberge og enkle overnattingsstader.

Elles kan ein for så vidt starte der ein vil, men for å bli godkjend som pilegrim må ein minst ha vandra dei

siste 10 mila inn til Santiago. Ein må også passe på å ha pilegrimspass stempla på godkjend stad.

Kvifor dreg så mange i veg mot eit heilag mål? Er det for å nå målet, eller er vandringa eit mål i seg sjølv? Er vi pilegrimar eller turistar? Og kven skal i så fall avgjere det? Det er vel likevel ei vanleg oppfatning at mange moderne pilegrimar dreg i veg av mindre religiøse grunnar enn i Middelalderen. Kanskje treng vi eit oppbrot i livet og tid til å finne fred og ro, eller kanskje berre tid til å tenkje over eigen situasjon og ståstad før vi kan gå vidare i livet vårt?

I Ap.gj. 17.28 står det: "For det er i Ham vi lever, beveger oss og er til". Kanskje dei fleste som dreg ut, likevel har ein religiøs lengt i seg slik som i Middelalderen, og kanskje har Sigrid Undset rett når ho seier at "menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dager"?



## 17. mai i Fiksdal

Etter kvart har det blitt tradisjon at ein av konfirmantane legg ned blomster ved bautaen ved kyrkja. Dette året var det Lars Bjørnar Frostad som hadde denne oppgåva, som han utførte på ein god måte. Korpset gledde oss med musikk i år som alltid.



## MARIA-WEEKEND

28.-30. OKTOBER 2011  
FRÆNABU MISJONSSENTER

Tradisjonen tro blir det Mariaweekend også i år! Kvinner i alle aldre har siden nyoppstarten for 10 år siden hatt stor glede og utbytte av turer, fellesskap og god forkynnelse. Det regner vi med skal bli tilfelle i år også! I år som i fjor vil Martha Paulsen fra Indremisjonsforbundet delta som taler. Komitéen består av kvinner fra Molde, Vestnes og Fræna menighet. Fullstendig program blir lagt ut i kirkene eller kan tilsendes i slutten av august. Sett av helga allerede nå!

Påmelding: Starter fredag 10. september. Tlf.:98 66 37 40  
a-d-mo@online.no

## Velkommen til søndagsskule!

Vestnes sokn har søndagsskule under gudsteneste i Vestnes kyrkje. Datoane er: 11. september, 2. oktober, 30. oktober. 20. november deltek søndagsskulen på storfamiliegudsteneste på Myra.

Tresfjord sokn har søndagsskule ein søndag i månaden i Tresfjord kyrkjestove, kl. 11.00-12.30. Datoane er: 21. august, 18. september, 16. oktober, 29. oktober, 13. november, 11. desember

Fiksdal sokn: Laurdagsklubben startar laurdag 3. september kl. 12 - 14, i Fiksdal kyrkjelydshus.



# Kyrkjevalet 2011

Snart er den store valdagen her. Den 12. september er det val av nytt sokneråd på same stad og til same tid som det er val av nytt kommunestyre. I kyrkjebladet denne gongen finn de liste over alle kandidatane i alle sokna. De finn og ut korleis de

skal stemme fram dei kandidatane de helst vil ha med i dei nye sokneråda. Så må vi heller ikkje gløyme valet av kandidatar til bispedømmerrådet. Dette finn de óg stoff om i bladet. Det er viktig at vi nyttar stemmeretten vår. Godt val!

## Kandidatlister

Soknerådsvalet 12.september 2011

### Fiksdal sokn

1. Thor Ringsby, 61 år
2. Ola Nakken, 53 år
3. Sara Marie Seljeflot, 56 år
4. Anne Grethe Stige Bergheim, 44 år
5. Ann Iren Skeide Aasgard, 40 år
6. Gunnar Elias Kjerstad, 62 år
7. Harald Anders Nakken, 73 år
8. Bente Nakken, 50 år
9. Asbjørn Tor Oterhals, 57 år
10. Hanne Kristin Misund Nakken, 57 år
11. Haldor Dahle, 68 år
12. Kåre Gunnar Lien, 75 år

### Vike sokneråd

- 1 Anna Marie Mitchell, 47 år
- 2 Gro Hegdal, 51 år
- 3 Liv Gunn Gismås, 58 år
- 4 Kathrin Villa, 41 år
- 5 Turid Marie Helle, 67 år
- 6 Ollha Lyakhovyn, 28 år
- 7 Judith Smogeli, 47 år
- 8 Bjarne Leikarnes, 55 år
- 9 Liv Randi Balstad, 51 år
- 10 Lena Løvik, 33 år
- 11 Wenche Fiksdal Vike, 46 år

### Vestnes sokn

1. Sindre Taklo, 42 år
2. Ingeborg Langan Børset, 48 år
3. Gunn Westnes-Lindin, 67 år
4. Knut Flølo, 61 år
5. John Bruseth, 64 år
6. Lars Sigmund Kleive, 67 år
7. Eivind Schjøtt, 61 år
8. Henning Moldver, 62 år
9. Harry William Valen, 49 år
10. Arnulf Østrem, 68 år
11. Hjalmar Nerås, 69 år
12. Jan Fjeldheim, 57 år
13. Jenny Johanne Bårdsnes, 81 år

### Tresfjord sokn

1. Tore Bjermeland, 63 år
2. Kirsti Hegvik, 60 år
3. Benedikte Ulrich, 35 år
4. Ove Jan Lindset, 57 år
5. Inger Marie Jakobsen Sylte, 32 år
6. Gunnar Nerbø, 57 år
7. Georg Moen jr., 22 år
8. Berit Sætre, 55 år
9. Randi Sylte, 40 år
10. Sølvi Flusund, 52 år
11. Svein Lodve Bjermeland, 49 år



## Førehandsrøysting, valkort og utlegging av manntal

Ved Kyrkjevalet 2011 skal det veljast sokneråd og leke medlemmer til bispedømmerrådet. Valet finn stad **12. september 2011**.

|                                      |             |
|--------------------------------------|-------------|
| Vike sokn: Bårdplassen               | 14.00-20.00 |
| Tresfjord sokn:                      |             |
| Daugstad krins Gildeheim             | 14.00-20.00 |
| Tresfjord krins Tresfjord skule      | 10.00-20.00 |
| Skorgen krins Skorgen grendastove    | 14.00-20.00 |
| Vestnes sokn:                        |             |
| Helland krins Myra kulturhus         | 10.00-20.00 |
| Øverås krins Ljosvang                | 14.00-20.00 |
| Tomrefjord krins Tomrefj.Idrettsbygg | 10.00-20.00 |
| Fiksdal sokn:                        |             |
| Fiksdal krins Bygdaheim              | 14.00-20.00 |
| Rekdal krins Tidl.Rekdal skule       | 14.00-20.00 |

Røysteføre er alle døypte medlemmer av Den norske kyrkja som er over 15 år, eller som fyller 15 år i 2011.

**Førehandsrøysting:** Det vil være mogleg å røyste på førehand på Vestnes kyrkjekontor frå **10. august - 8. september 2011**.

Opningstidene er frå mandag til torsdag kl.9.00-15.00, og med ein langdag torsdag 8.september til kl.19.00.

**Valkort:** Alle som er førte opp i Den norske kyrkja sitt medlemsregister med røysterett vil få valkort og nærare informasjon i veke 31-32.

Den som får valkort, men ikkje er medlem i Den norske kyrkja, kan kontakte Vestnes kyrkjekontor (sjå nedanfor), for å få retta opplysningane i Den norske kyrkja sitt medlemsregister. Det same gjeld for den som er medlem i Den norske kyrkja, og ikkje har fått valkortet. Medlemsregisteret er grunnlag for kyrkjeleg manntal.

**Ettersyn av manntal:** Kyrkjeleg manntal for sokna i Vestnes er lagt ut til ettersyn på Vestnes kyrkjekontor i den vanlege opningstida i perioden 10. august til 9. september. Det er berre høve til å kontrollere opplysningane som vedkjem ein sjølv, eller ein annan person som ein har fått skriftleg fullmakt frå. Den som meiner at ein sjølv eller nokon annan feilaktig har vorte ført inn eller utelaten frå manntalet i soknet, kan krevja at valstyret rettar feilen. Kravet skal være skriftleg og grunngjeve.

Kyrkjevalet  
2011  
www.kyrkjevalet.no



## Møre bispedømme – val av nytt bispedømeråd 2012 – 2015 Presentasjon av dei leke kandidatane

### Gje kyrkja gode råd – bruk retten til å påverke!

11. og 12. september 2011 er det val på nye sokneråd og nye bispedømeråd i Den norske kyrkja. Dei som blir medlemmer av bispedømeråda blir også medlemmer av Kyrkjemøtet. Bispedømeråda har funksjonstid frå 1. januar 2012 til 31. desember 2015.

Møre bispedømeråd har ti medlemmer: Biskopen, ein prest vald av prestane i bispedømmet, ein lek kyrkjeleg tilsett vald av dei leke kyrkjeleg tilsette i bispedømmet **og sju leke medlemmer**. Desse sju vert valde mellom dei 20 kandidatane som du ser i denne presentasjonen. Tre av dei sju vert valde ved direkte val i sokna sine stemmelokale, - samstundes med soknerådsvalet i september. Dei fire siste leke vert valde av dei nye sokneråda i november. Stemmerett ved det direkte valet til bispedømeråd har alle kyrkjemedlemmer som bur i soknet og som fyller 15 år i løpet av 2011. (Dei som skal stemme som prest eller lek kyrkjeleg tilsett ved bispedømerådsvalet, kan ikkje stemme ved val av leke til bispedømerådet.)

På dei neste tre sidene kan du gjere deg kjend med kandidatane som konkurrerer om dei sju plassane for leke i bispedømerådet. Dei er presenterte med personopplysningar, verv og kva for satsingsområde dei meiner er viktige. I tillegg svarer dei på nokre spørsmål som er aktuelle i kyrkje- og samfunnsdebatten for tida.

**NB:** På [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) og på [www.kirken.no/more](http://www.kirken.no/more) vil du frå slutten av juni også finne kandidatpresentasjonen og fleire spørsmål og svar.

# Kyrkjevalet 2011





# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Kandidatlista er uprioritert og alfabetisk oppsett



**Modulf Aukan, 63 år**  
Bonde  
Tustna sokn

## Kyrkjelege verv

Tustna Menighetsråd, leiar, 1980-talet og på nytt 2006, rådsmedlem Kirkens arbeids og interesseorganisasjon, Møre bispedømeråd, Kirkemøtet

## Offisielle og andre verv

Tustna kommunestyre 5 periodar, Møre og Romsdal Fylkesting 5 periodar, Stortinget møtt 8 år, Norsk Bonde og Småbrukarlag, politisk nestleiar

## Satsingsområder

Dåpsopplæringsreformen, organisering av kyrkja etter skilje, rekruttering av prestar, samarbeid kyrkje-organisasjonar



**May Lisbeth Hovlid Aurdal, 52 år**  
Misjonskonsulent NMS  
Sykkylven sokn

## Kyrkjelege verv

Krinsstyret KFUK-M / Ten Sing leiar 23 år, Møre i Misjon (NMS sin repr Region Møre), Regionsstyret Det Norske Misjonsselskap (tilsettes repr 2 perioder), Møre Bispedømeråd, Kirkerådet

## Satsingsområder

Gudsteneste – relevant for livet, livslang trusopplæring, kirkeordning eksternt/internt, misjon – Jesus til naboer og utover



**Norunn Blokkum, 61 år**  
Lærer  
Sandøy sokn

## Kyrkjelege verv

Kyrkjekaffisjef, Kretsstyret NMS, Landsstyret NMS, varamedlem og medlem Sandøy sokneråd, Kontaktperson soknets misjonsavtale

## Offisielle og andre verv

Medlem kommunestyret, KrF kvinners kommunale representant

## Satsingsområder

Kyrkje og misjon, samarbeid kyrkje/frivillige organisasjonar, samarbeid barnehage/skole/kyrkje, utvikle samarbeidet kyrkje/kultur, frivillig engasjement



**Marianne Hermann Brekken, 23 år**  
Student  
Myrbostad sokn

## Kyrkjelege verv

Delegat til Rådsmøte i Norges Kristne Råd fra Unges Rådsmøte

## Offisielle og andre verv

Sentralstyremedlem i Changemaker  
Leder av politisk utvalg på handel i Changemaker

## Satsingsområder

Skaperverk og rettferd, inkluderende kirkefellesskap, likekjønnet ekteskapsliturgi, Kirke for Unge Voksne



**Per Anton Brennskag, 62 år**  
Pensjonist  
Brattvær sokn

## Kyrkjelege verv

Medlem Brattvær menighetsråd, et år leder

## Satsingsområder

Demokratisering kyrkja, likekjønnet ekteskap OK for prest, likestilling i alle kirkelige verv, skille stat og kirke, kirkelige råd fullt økonomisk ansvarlige for bygg mv



**Hilde B Brunvoll, 51 år**  
Lærer vdrg./kunstner  
Bolsøy sokn

## Kyrkjelege verv

Kirketjener i Iladalen kirke, skribent i Grefsen menighetsblad og med i søndagsskolen, søndagsskolelærer og sangleder i Irvine Presbyterian Church, vara i Molde menighetsråd, medlem av Møre bispedømeråd

## Offisielle og andre verv

Leder i FAU ved Bergmo ungdomsskole, medlem av FAU ved Langmyra skole

## Satsingsområder

Gudstjenestereformen, hvordan når vi ut til mange med evangeliet, menighetsbygging, barn og unge for Kristus

## Kandidatane sitt syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål

1. Kva er Den norske kyrkja sine tre viktigste utfordringar?
2. I neste valperiode blir kyrkja sitt forhold til staten og organiseringa av kyrkja ei viktig sak. Kva for rolle bør staten og regjeringa ha i ei framtidig kyrkjeordning?
3. Kva for krav til samlivsform bør kyrkja stille til sine tilsette?

**NB:** På [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) og på [www.kirken.no/more](http://www.kirken.no/more) vil du frå slutten av juni også finne kandidatpresentasjonen og fleire spørsmål og svar.

## Mi mening:

1. Dåpsopplæring, organisering av kyrkja etter skilje med staten og rekruttering av prestar og andre medarbeidarar.
2. Etter Grunnlovsendingane i 2012 vil staten gradvis få mindre å seia i styre av kyrkja.
3. Kyrkja bør ikkje endre kravet til sine tilsette.

## Mi mening:

1. Sjå enkeltmenneske, og vere ei nærverande og relevant kyrkje. Snakke sant og forståeleg om livet og den kristne trua. La unge vere deltakande.
2. Grunnlovsendingane vil føre til meir kyrkjeleg sjølvstende og mindre politisk styring. Aktiv støtte og likebehandling, må vere bærebjelken i framtidig heilheitleg trus- og livssynspolitik i Noreg.
3. Ekteskapet er ei god ordning for samliv.

## Mi mening:

1. Forkynne evangeliet med blikk for, og i samarbeid med, den verdsvide kyrkja. Gjennomførleg plan for livsnær dåpsopplæring i alle kyrkjelydar. Fokus på menneskeverd og forpliktande vern om skaperverket.
2. Staten og regjeringa bør gi nødvendige økonomiske tilskot.
3. Presten må ha ei samlivsform i tråd med det han forkynner. Alle tilsette må ha orden i si samlivsform.

## Mi mening:

1. Lage mangfoldige kirkerom som ikke stenger, sorterer eller graderer medlemmene. Gjøre kirken mer relevant for unge voksne. Snakke tydelig om rettferdighet og vern av skaperverket.
2. Kirkens lære må avgjøres av kirken selv og kirken må stå for utnevning av biskoper og proster.
3. Jeg ønsker alle mennesker i forpliktende samliv velkommen i kirkelige stillinger.

## Mi mening:

1. Tillit til kirkelige ledere, kommunisere det kristne budskap i "vår tid", demokratisering.
2. Kun bevilgende myndighet.
3. Ikke andre krav enn det som er allment akseptert i samfunnet forøvrig.

## Mi mening:

1. Å forkynne evangeliet om Kristus hjemme og ute. Å skape gudstjenester som kommuniserer på en relevant måte til mennesker i dag. Å rekruttere gode og dyktige medarbeidere og prestar.
2. Kun en finansiell rolle.
3. Jeg synes det er vanskelig å stille krav til samlivsform, men en kommer ikke utenom at ekteskapet mellom kvinne og mann ligger til grunn for Guds skapertanke.





**Karen Andrine Flatø, 68 år**  
Pensjonist, Frei sokn

#### Kyrkjelege verv

Menighetsrådet i Frei, Kirkelig fellelsråd i Kristiansund, Møre bispedømmeråd

#### Offisielle og andre verv

Frei kommunestyre, 1. vara bystyret i Kristiansund, Hovedutvalg Helse og sosial Frei, styreformann KKKK-festivalen Kr.sund, landsstyremedlem og formann Lærerinnen misjonsforbund

#### Satsingsområder

Trosopplæring, misjon, involverende gudstjenesteliv, personalomsorg



**Anna-Birgitta Hoemsnes, 59 år**  
Lærer  
Vågøy sokn

#### Kyrkjelege verv

Medlem av sokneråd, funksjon som sekretær, leiar av Vågøy sokneråd

#### Satsingsområder

Kyrkjemusikalsk arbeid, gudstjenestefornyng, en misjonerende folkekirk



**Leif Hovde, 68 år**  
Pensjonist  
Ålesund sokn

#### Kyrkjelege verv

Medlem Ålesund menighetsråd, leder Ålesund menighetsråd

#### Offisielle og andre verv

Bystyremedlem i Ålesund i 32 år, Ålesund formannskap i 20 år, Helse- og sosialutv. i 28 år, speiderleder (KFUK/KFUM) i 49 år, formann Ålesund KFUK/KFUM, landsstyremedlem KFUM-speiderne, leder ungdomsklubb og Ten Sing, leirsjef påskeleir i 12 år

#### Satsingsområder

Barne- og ungdomsarbeid, gudstjenestefornyelse, nye gudstjenesteformer, samarbeid kristne organisasjoner og kirkesamfunn



**Eldar Husøy, 61 år**  
Lærer  
Ulstein sokn

#### Kyrkjelege verv

Medlem og leiar i Sandviken menighetsråd (Bergen), 2. vara Møre bispedømmeråd, medlem i landsrådet i KA, leiar i Ulstein sokneråd og fellelsråd, medlem i Møre bispedømmeråd

#### Satsingsområder

Innføringa av ny liturgi, trosopplæringsreforma, rekruttering av nye medarbeidarar, styrke misjonsengasjementet, gjere diakonien synleg



**Målfrid Synnøve Isene, 22 år**  
Student  
Volda sokn

#### Kyrkjelege verv

Medlem av Møre bispedømmeråd og Kirkemøte, Ungdomsrådet i Møre bispedømme, Ungdommens Kirkemøte 2009, Kirkemøtet 2008, repr. fra Ungdommens Kirkemøte 2008, Ungdommens Kirkemøte 2006

#### Satsingsområder

Gudstenesten som menigheten si storsamling, trosopplæring for alle generasjoner (i første omgang for dei mellom 15 til 18 år), fornye kyrkjemusikken med å ta i bruk fleire instrument og frivillige utøvere, større satsing på frivillige medarbeidarar og ei betre ivaretaking av desse, bidra til å vekkje og nære det kristelige liv i lokalkyrkjene



**Ingrid Helene Brekke Kvalvaag, 20 år**  
Helsearbeidar  
Kristiansund sokn

#### Offisielle og andre verv

Nestleiar i regionsrådet for NMSU

#### Satsingsområder

Barn og ungdom, konfirmanter, Nordmøre



**Kristian Myhre, 20 år**  
Avtener fyrstegongs-  
teneste  
Røvik og Veøy sokn

#### Kyrkjelege verv

Medlem i Ungdomsrådet i Møre bispedømme, leiar i Ungdomsrådet i Møre bispedømme, delegat til Ungdomens Kyrkjemøte, delegat frå Ungdomens Kyrkjemøte til Kyrkjemøtet, delegat frå Den norske kyrkja til Unges Rådsmøte i NKR

#### Offisielle og andre verv

Diverse tillitsverv i skule og militæret, delegat frå Unges Rådsmøte til Noregs Kristne Råds Rådsmøte

#### Satsingsområder

Trusopplæringsgruppa 15-18 år, styrke gudstenestedeltakelsen, inkludering av gruppa 18-30 år, betre kår for økumenikk i Møre, styrke ungdomsstrukturen i Dnk

#### Mi meining:

1. Å skape møteplasser for variert trosopplæring. Å skape levende gudstjenestefelleskap. Å skape utviklende arbeidsforhold for de forskjellige faggruppene.
2. Det er ikke naturlig at en sekulær statsforvaltning skal stå som kirkens øverste ledelse.
3. Jeg ser det ikke naturlig med likekjønnet parforhold, og mener kirkens tilsatte bør arbeide for å styrke relasjonene mellom mann og kvinne.

#### Mi meining:

1. Å nå ut med budskapet om Jesus Kristus til alle. Trusopplæring for nye generasjoner. Møte menneske på ein god måte ved ulike kyrkjelege handlingar.
2. Kyrkja bør ha ei meir sjølvstendig rolle, men staten bør bidra med finansieringa.
3. Krav til samlivsform for kyrkjelege tilsette bør vere ekteskap mellom mann og kvinne.

#### Mi meining:

1. Å knytte barn og unge til kirka, å gi et variert tilbud av gudstjenester og samlinger, å begrense byråkratiet.
2. Det bør fortsatt være en forbindelse til staten, men uten statlig innflytelse på forkynnelse og teologi, derfor kirkelig utnevning av biskoper.
3. Kan det stilles like krav til alle tilsatte? Holder det ikke at man avgir en lojalitetserklæring til kirkens bekjennelse?

#### Mi meining:

1. Å forkynne evangeliet og forvalte sakramenta sant og rett, og på ein måte som når ut til folket. Rekruttering av medarbeidarar, både tilsette og frivillige. Gjennomføringa av trosopplæringsreforma.
2. I den framtidige kyrkjeordninga har staten berre ei oppgåve; å syte for finansieringa av kyrkja på lik linje med andre trussamfunn.
3. Kyrkja bør stille krav til samlivsform som er i pakt med Bibelen sin budskap om ekteskap mellom mann og kvinne. Det bør gjelde for alle tilsette.

#### Mi meining:

1. Å vekkje og nære det kristelige liv blant kyrkja sine medlemmer. Å utruste kristne, godt vaksne personar, til å vere trygge og tydelege rollemodellar for dei yngre generasjoner. Å organisere Den norske kyrkja etter korleis det tener den lokale kyrkja best.
2. Staten og regjeringa bør støtte opp under Den norske kyrkja på lik linje med alle andre trussamfunn.
3. Kyrkja sine tilsette skal stå på Bibelen si lære og leve sine samliv ut ifrå det.

#### Mi meining:

1. Lage en gudstjeneste som også kan nå frem til den neste generasjonen. Tørre å tenke nytt. Være en inkluderende kirke som lar alle komme til Gud sånn som de er.
2. De bør ha den samme rolle som de har ovenfor de andre trosretningene i Norge.
3. Jeg mener det er et personlig valg som den enkelte som jobber i kirka selv må få velge.

#### Mi meining:

1. Kirken trenger større oppslutning. Omdømmet til kirkens ledere og organisasjon må bedres. Kirken må bekrefte sin posisjon som en naturlig plass i alle livssituasjoner.
2. Staten bør være garantist for kirkens økonomi.
3. Kirken bør stille visse krav til samlivsform hos tilsatte i vigslende eller ordinerte stillinger, men det bør utvises skjønn av den enkelte biskop eller annen arbeidsgiver.

SJÅ NESTE SIDE



**Olav Myklebust, 42 år**  
Slekstshistorikar/klokkar  
Gursken

#### Kyrkjelege verv

Klokkar/kyrkjetenar/konfirmantleiar Gursken, konstituert kyrkjetenar Gursken, klokkar/kyrkjetenar 25% Gursken, medlem sokneråd/gudstenestutval Gursken, leiar soknerådet

#### Offisielle og andre verv

Medlem Sande kommunestyre, medlem Sande formannskap, vara-medlem Møre og Romsdal fylkesting, styremedlem Møre og Romsdal Senterparti, 2. nestleiar Møre og Romsdal senterparti

#### Satsingsområder

Gudstenestereformen, trusopplæringsreformen, demokratisering i kyrkja, ressursar i små sokn, ungdomsarbeid

#### Mi mening:

1. Korleis nå - og halde på – ungdomen. Korleis framleis vere "folkekyrkje" når ein lettar på banda til staten. Ressurssituasjonen – særskilt for dei minste kyrkjelydane.
2. Eg er tilhengar av statskyrkje-tanken, og vil arbeide for at ein med reforma ikkje misser det gode samspelet vi har hatt mellom kyrkje og stat.
3. Kyrkja bør kunne stille krav om forpliktande samliv (ekteskap) både for homo-file og heterofile tilsette.



**Kathinka Røberg Møller, 30 år**  
Førskolelærer  
Spjelkavik sokn

#### Kyrkjelege verv

Medlem landsstyret Ung Kirkesang, medlem styret Ung Kirkesang Møre, leiar Ung Kirkesang Stavanger, kasserer Familiecoret Spjelkavik

#### Satsingsområder

Kirkesang, bevare og fornye, babysang og småbarnssang, dåpsopp-læring

#### Mi mening:

1. Å klare kombinasjonen fornye/bevare i arbeidet med gudstjenesten. Skape en inkluderende kirke. Samlivsspørsmål og da særlig for homofile prester.
2. Det er vel snart på tide at kirke og stat skiller lag. Når de som sitter i regjerin-gen skal bestemme hvordan kirken skal forvaltes, og de ikke har innsikt eller interesse, blir det hele meningsløst.
3. De ansattes samlivsform bør være ekteskap. De ansatte skal stå foran som gode eksempler for resten av menigheten. Jeg mener homofile ikke bør leve ut noen samlivsform om de skal være i vigslende stillinger.



**Lars Polden, 62 år**  
Vaktmester, varaord-fører Ranes sokn

#### Kyrkjelege verv

Kommunens representant i kirkelig fellesråd i Surnadal

#### Offisielle og andre verv

Kommunestyre, leiar i politiske hovudutval, ungdomslagsarbeid lokalt, regionalt og sentralt, leiar i Møre og Romsdal Bondelag i 4 år

#### Satsingsområder

Ei levande folkekyrkje, kyrkja som kulturberar

#### Mi mening:

1. Bevare ei folkekyrkje som er for alle. Snu den minkande oppslutninga om kyrkja som vi har hatt den siste tida. Kyrkja får ei stor oppgåve med å organisera trusopplæringa.
2. Vi bør framleis ha eit nært forhold mellom staten og kyrkja.
3. Kyrkja bør ikkje ha andre krav enn det som er gjeldande i resten av samfunnet.



**Frode Rabbevig, 52 år**  
Kommunikasjonsrådg.  
Molde sokn

#### Kyrkjelege verv

Leder menighetsrådet Molde domkirke, medlem menighetsrådet Molde domkirke

#### Satsingsområder

Barne- og ungdomsarbeid, frivillig engasjement, ta vare på ansatte/ frivillige, informasjon/PR

#### Mi mening:

1. Gjennom god og livsnær forkynnelser og opplæring nå ut med budskapet til alle, i Norge og verden. Gjennom rekruttering og godt medarbeiderskap sørge for at mennesker vil finne sitt arbeid i kirken, både ansatte og frivillige. Ikke organisere oss i hjel gjennom møter, komiteer, råd og høringer.
2. Gjennom en god demokratisk prosess bør politikerne få stadig mindre innflytelse på kirken. Dette betyr at medlemmene må ta større ansvar for økonomien, men staten bør fortsatt ha et stort ansvar når det gjelder kirkebygg og kulturskatter.
3. De kirkelig ansatte bør være gift dersom de lever sammen med en annen person.



**Hallgeir Ringstad, 49 år**  
Prosjektleder IT  
Røvik og Veøy sokn

#### Kyrkjelege verv

Medlem av Skårer menighetsråd og Borre menighetsråd, medlem av Bolsøy menighetsråd (sekr. 3 år, leder 1 år), sekretær i Bolsøyakomiteen, komite under Bolsøy menighetsråd, klokker på Bolsøya, med i teamet av husfolk på retreatstedet Åkerlehaugen

#### Offisielle og andre verv

Leder av FAU ved Bolsøya skole, styremedlem Molde Musikkråd, Regnskapsfører i Bolsøya barnehage, styremedlem i Schola Cantorum ungdomskor i Molde menighet

#### Satsingsområder

Gudstenestefornyning, løfte fram stillhetsarbeidet, smågruppe-satsing

#### Mi mening:

1. Synleggjering av kva dei kristne verdiane har hatt, og har, å seie for vår velferd. Å kunne kommunisere med folk av idag: språk, hus, arrangementsform. Å vere tilstades meir i kvardagen til folk.
2. På dette punktet er eg ikkje nok oppdatert til å flagge noko klart svar.
3. Eit samliv skal vere mellom vigd mann og kvinne.



**Ole Gerhard Steen, 60 år**  
Administrasjon SFO  
Ellingsøy sokn

#### Kyrkjelege verv

Medlem i Utdanningsutvalet for Ellingsøy sokn, medlem i Ellingsøy sokneråd, formann i Ellingsøy sokneråd, medlem i Ålesund fellesråd

#### Offisielle og andre verv

Medlem i Ungdomsutvalet i Ålesund, medlem i skolestyret i Ålesund, medlem i Møre og Romsdal Fylkesting, medlem i Landstinget i Kom-munenenes Sentralforbund

#### Satsingsområder

Barne- og ungdomsarbeidet, struktur og organisering bør bli klårare, større avstand til staten, bli sjølvstendig i eige hus

#### Mi mening:

1. Korleis bli ei kyrkje som er tru mot sanninga og opptre slik at menneska vil bli ein del av fellesskapet i kyrkjelyden? Ei kyrkje som satsar inn mot barn og unge og blir sentral i liva til denne gruppa. Det diakonale arbeidet er og sær sentralt. Finne fram til ei organisering som er meir samanhengande og meir i tråd med moderne og effektive organiseringsprinsipp.
2. Staten og regjeringa bør ikkje ha nokon sentral plass i ei framtidig kyrkje-ordning.
3. Kyrkja bør i framtida stille krav til dei tilsette om samlivsform i tråd med Bibelen.



**Ann-Kristin Sørvik, 54 år**  
Kirketjener/selvstendig næringsdrivende  
Bremnes sokn

#### Kyrkjelege verv

Kommunal representant i Kirkelig fellesråd

#### Offisielle og andre verv

Averøy formannskap, fylkesleder i Møre og Romsdal senterparti, Møre og Romsdal kontrollutvalg, Møre bispedømmeråd, styremedlem i Nordmøre og Romsdal museum

#### Satsingsområder

Åpen og inkluderende kirke, økt bruk av kirken til barn/unge, fortsatt statsstøtte til kirken, bedre ordninger kirkevedlikehold, bevare våre salmeskatter

#### Mi mening:

1. Vedlikeholde kirkene. Ulike typer gudstjenester. Gjøre budskapet forståelig slik at konfirmantene kommer tilbake etter konfirmasjonen. Ta vare på våre salme-skatter ved spesielt fokus på dem i egne gudstjenester.
2. Den norske kirke må fortsatt være stats- og folkekirke.
3. Kirken bør være åpen og inkluderende for alle, også de tilsatte.



# Val av sokneråd

Slik røystar du ved fleirtalsval (ein liste)



Kyrkjevalet 2011  
www.kyrkjevalet.no

## Soknerådval i XXX SOKN

XXX sokneråds liste  
11.–12. september 2011

|                                     |                                                                   |
|-------------------------------------|-------------------------------------------------------------------|
| <input type="checkbox"/>            | 1. OLGA STENBERG, 25 år, GRANVEIEN, LUND, Frisør                  |
| <input checked="" type="checkbox"/> | 2. ODD ANDERSEN, 60 år, SMARAGDVEIEN, TVEIT, Lærar                |
| <input type="checkbox"/>            | 3. KARI NILSEN, 25 år, STEINFARET, SANDVIK, Lærar                 |
| <input type="checkbox"/>            | 4. TORE EK, 23 år, HOLMEVEIEN, HOLMEN, Friluftsinstruktør         |
| <input type="checkbox"/>            | 5. GRY ENG, 33 år, SMUGET, STRAND, Ergoterapeut                   |
| <input checked="" type="checkbox"/> | 6. HELGA JØRGENSEN, 43 år, BREIGATA, STRAND, Farmasøyt            |
| <input type="checkbox"/>            | 7. CHRISTIAN ANTHONSEN, 41 år, SKOMAKER ANDERSENS VEI, BØ, Lækjar |
| <input type="checkbox"/>            | 8. IVAR LIND, 27 år, VIKVEIEN, VIKEN, Lydteknikar                 |
| <input type="checkbox"/>            | 9. ATLE JOHANSEN, 55 år, FURUBRÅTEN, STRAND, Revisor              |
| <input type="checkbox"/>            | 10. LAILA THORSEN, 40 år, GRUSVEIEN, SANDVIK, Sjukeleiar          |
| <input checked="" type="checkbox"/> | 11. ØYSTEIN LIE, 32 år, BRATTBAKKEN, SANDVIK, Sykkelforhandler    |
| <input type="checkbox"/>            | 12. ALFRED ENGBRETHSEN, 29 år, SVELNESVEIEN, BØ, Fotojournalist   |
| <input type="checkbox"/>            | 13. PÅL HANSEN, 70 år, SMALSMUGET, STRAND, Pensjonist/politi      |
| <input type="checkbox"/>            | 14. PER HARALDSEN, 52 år, STRANDVEIEN, SVELNES, Kundekonsulent    |
| <input type="checkbox"/>            | 15. INGER HOVDEN, 35 år, BØGATA, SVELNES, Gravferdskonsulent      |
| <input type="checkbox"/>            | 16. ARNE KRISTIANSEN, 48 år, SKOGBAKKEN, STRAND, Flygeleiar       |
| <input checked="" type="checkbox"/> | 17. HILDE MONSEN, 42 år, MASAGRENDA, NORDBYGDA, Bonde             |
| <input type="checkbox"/>            | 18. GUNHILD NYGAARD, 52 år, VÅGEN, VIKEN, Marknadsstjef           |
| <input type="checkbox"/>            | 19. JENS PEDERSEN, 25 år, GRENSEN, STRAND, Sportsforhandler       |
| <input type="checkbox"/>            | 20. HENRIK GROTH, 38 år, SVINGEN, TVEIT, Anleggsgartner           |
| <input type="checkbox"/>            | 21. ARVID KROKEN, 21 år, OKSEPLASSEN, OKSNESET, Murarlærling      |
| <input type="checkbox"/>            | 22. ANNE-METTE OLSEN, 34 år, NORD-TVEIT, TVEIT, Produksjonsleiar  |

Det skal veljast 8 medlemmer og 5 varamedlemmer.  
Kandidatane på lista er sette opp i prioritert rekkefølge.  
Du kan levere røystesetelen utan endringar.

Vil du endre på røystesetelen, kan du  
- gje kandidaten ei tilleggsrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet på kandidaten. Kandidaten får då to røyster  
- føya til namn på vallista ein gong. Desse kandidatane kan ikkje gjevast tilleggssrøyst, og får såleis ei røyst  
- stryke kandidat på vallista ved å setje ein strek over namnet. Kandidaten får då inga røyst

Andre kandidatar får ei røyst kvar ved oppteljinga.  
Andre endringar vil ikkje telje med i valoppgjeret.  
Bruk blå/svart penn eller blyant.

- ➔ Det kjem fram på røystesetelen kor mange medlemmer og varamedlemmer som skal veljast.
- ➔ Kandidatlista er sett opp i prioritert rekkefølge.

**A** Du kan levere røystesetelen uten endringar.

**B** Vil du endre på røystesetelen, kan du:

• Gje kandidaten ei tilleggssrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten. Kandidaten får då to røyster.

• Stryke kandidatar på vallista ved å setje ein strek over namnet. Kandidaten får då inga røyst.

• Tilføye namn på vallista ein gong. Desse namna kan du ikkje gje ei tilleggssrøyst. Kandidaten får då ei røyst.

Andre kandidatar får ei røyst kvar ved oppteljinga.

Andre endringar vil ikkje telje med i valoppgjeret.



Røystesetelen skal brettast i to med teksten inn.

# Val av bispedømmerråd og kyrkjemøtet

SLIK RØYSTAR DU

## Val av leke medlemmer til XXX BISPEDØMMERÅD/KYRKJEMØTE

11.–12. september 2011 (direkte val)

Det skal veljast X representantar til bispedømmerrådet og Kyrkjemøtet. Kandidatlista er uprioritert og sett opp i alfabetisk rekkefølge.

Minst ein av kandidatane skal rangerast. Du kan rangere så mange kandidatar som du ønskjer. Røystesetlar med manglande rangering vert forkasta. Marker rangeringa av kandidatar med tal i ruta til venstre for namnet på kandidaten.

Tala skal skrivast slik: 1 2 3 4 5 6 7 8 9 0 Einsifra tal skal skrivast slik: 3 Tosifra tal skal skrivast slik: 1 3

| Rangering                           | Kandidat                                                         |
|-------------------------------------|------------------------------------------------------------------|
| <input type="checkbox"/>            | Anton Arnesen, pensjonist, Domkyrkja kyrkjelyd, 74 år            |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Berit Bjørk, lærar, Bjørkvik kyrkjelyd, 52 år                    |
| <input type="checkbox"/>            | Cecilia Celius, advokatfullmektig, Sovebyen kyrkjelyd, 36 år     |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Dorthe Diakonissen, heimesjukeleiar, Austsida kyrkjelyd, 48 år   |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Elin Edvardsen, rekneskapssekretær, Vestsida kyrkjelyd, 54 år    |
| <input type="checkbox"/>            | Frank Frimann, student, Drabanten kyrkjelyd, 20 år               |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Fridtjof Fransson, vekkingspredikant, Betelbyen kyrkjelyd, 52 år |
| <input type="checkbox"/>            | Greta Glad, fysioterapeut, Midtbygda kyrkjelyd, 46 år            |

|                                     |                                                                  |
|-------------------------------------|------------------------------------------------------------------|
| <input type="checkbox"/>            | Hans Hansen, avdelingsleiar, Skulebygda kyrkjelyd, 55 år         |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Ida Idrett, student, Fjellbygda kyrkjelyd, 21 år                 |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Jane Ja, sosionom, Nedrebygd kyrkjelyd, 57 år                    |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Kjell Krik, folkehøgskulelærar, Nordbygd kyrkjelyd, 38 år        |
| <input type="checkbox"/>            | Lars Lur, forretningsdrivande, Sørbyen kyrkjelyd, 44 år          |
| <input type="checkbox"/>            | Marte Martinsen, overlege, Vestbyen kyrkjelyd, 50 år             |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Nora Nødhjelp, internasjonal konsulent, Utblikk kyrkjelyd, 35 år |
| <input type="checkbox"/>            | Ole Olafsen, ekologisk gardbrukar, Grønndal kyrkjelyd, 39 år     |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Per S. Pektiv, journalist, Austnes kyrkjelyd, 46 år              |
| <input type="checkbox"/>            | Runa Raddis, arbeidsmarknadskonsulent, Rødby kyrkjelyd, 35 år    |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Stina Seljar, salskonsulent, Kjøpstad kyrkjelyd, 32 år           |
| <input type="checkbox"/>            | Tora Der Trio, musikkulelærar, Øverdalen kyrkjelyd, 55 år        |
| <input type="checkbox"/>            | Ung D. Um, elektrisklærar, Midtbyen kyrkjelyd, 19 år             |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Vis Vismann, høgskulelektor, Sentrum kyrkjelyd, 64 år            |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Yng L. Yng, frisør, Vestli kyrkjelyd, 27 år                      |

- ➔ Det kjem fram på røystesetelen kor mange medlemmer og varamedlemmer som skal veljast.
- ➔ Kandidatlista er uprioritert og sett opp i alfabetisk rekkefølge.
- ➔ Minst ein av kandidatane skal rangerast.

Du kan rangere så mange kandidatar som du ønskjer. Røystesetlar med manglande rangering vert forkasta. Marker rangeringa av kandidatar med eit tal i ruta til venstre for namnet på kandidaten. Ved eit tosfra tal må du skrive eitt siffer i kvar rute.

➔ Tala skal skrivast slik:

|   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 0 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|

➔ Einsifra tal skal skrivast slik:

|  |   |
|--|---|
|  | 4 |
|--|---|

➔ Tosifra tal skal skrivast slik:

|   |   |
|---|---|
| 1 | 2 |
|---|---|



Røystesetelen skal brettast i to med teksten inn.

## Fiksdal sokneråd er opptekne av barne- og ungdomsarbeid.

### Laurdagsklubben i Fiksdal



Stor aktivitet både på barn og vaksne.

Heilt sidan Laurdagsklubben starta opp i 2007, har barn og foreldre støtta godt opp om klubben. Frammøtet har vore svært godt heilt sidan starten. Møta blir haldne på Kyrkjelydshuset i Fiksdal annakvar laurdag frå kl 12-14. Oppslutninga tyder på at dette tidspunktet er gunstig. Mellom 25 og 35 barn og 15-20 vaksne møter opp kvar gong til varierende aktivitetar: Andakt, song, små-tombola, mat, lego-bygging, dataspel, teikning m.m. Klubben er innmeld både

i Indremisjonsforbundet og Norsk Søndagsskoleforbund, og har stor nytte av opplegget "Sprell levende". Vi har også hatt fine besøk frå begge organisasjonane, som gir klubben inspirasjon i arbeidet.

No er eit nytt klubbår planlagt, og møtedatoane for første halvår blir: 3. og 17. september, 1., 15. og 29. oktober, 12. og 26. november og 10. desember.



Lydhøyr forsamling under andakten.

## Vestnes sokneråd ser litt attende.

### Ein periode er over

Av Kaare Lervik

Snart er det val på nytt sokneråd. Ein periode er over. For at kyrkjeval og kommuneval skulle kome på same tid, vart den siste perioden berre på to år. Somme synest to år er for lite, medan andre meiner det er nok. For meg vart desse to åra ein passe lang periode. I to år kan ein arbeide hardt, og på to år kan ein få utretta ein heil del. Dei som no den 12. september blir valde inn i soknerådet, kan sjå både med forventning og spenning på komande periode. Her blir arbeid ein må gjere, og ikkje minst, her er arbeid ein bør gjere. Alle vil finne noko ein har mest lyst til å arbeide med, det er berre å sleppe kreativiteten laus. Kanskje kan ein få innspel frå kyrkja sine medlemmer, og dei er mange, som kan gjere livet i kyrkja enda rikare og enda meir tiltalande for folk flest.

For meg står det no att å takke for den tilliten eg har hatt som soknerådsleiar desse to åra. Eg har likt å vere i dette

arbeidet. Det har gitt meg ny kunnskap om kyrkja generelt, men òg ny interesse for kyrkja, og så har eg fått gleder av å samarbeide med mange menneske. Det gjeld folk i deira profesjon, men òg i frivillig samanheng. Samarbeid kan vere krevjande, men så uendeleg givande. Dette er ein arbeidsmåte som utan tvil gir gode resultat.

Heilt til slutt vil eg ønske det nye soknerådet lykke til! Så bør vi hugse at det er vi som innbyggjarar i kommunen som vel dei einskilde sokneråda. Det bør vi òg ta ansvar for ved å støtte opp om sokneråda. Snakke med dei, tilby dei arbeids-hjelp og vere med dei i våre tankar. Sokneråda er med og vidarefører ein arv som forfedrane våre har gitt oss. Da sluttar eg med Ivar Aasen sine ord om fedrearven: *han er større enn mange vil tru.*



## Tresfjord sokneråd har sendt oss eit dikt.

*Forfattaren er ukjend, men innhaldet seier noko vesentleg til oss alle.*

### Arbeid med glede!

Alt arbeid har sin egenverdi.  
Enhver oppgave, liten eller stor,  
er viktig nok til å bli utført godt,  
grundig og med omtanke.  
Være stolt av arbeidet ditt,  
og av deg selv når du gjør en god jobb.

Det er ikke bare betalt arbeid  
som er verdifullt.  
Tenk over hvor mye av det virkelige  
viktige arbeidet i livet  
som ikke medfører noen lønningspose.



Alt arbeid kan være kreativt.  
Arbeidet ditt er en del av den  
evige skapelsesprosessen som  
verden gjennomgår.  
Du kan betrakte deg selv som en av  
Skaperens nære medarbeidere.

## Vike sokneråd har fokus på kyrkjekjellaren. Statusrapport frå kyrkjekjellaren på Vike

*For Vike sokneråd, Liv Gisnås.*

I førre nummer skreiv vi om det store restaureringsarbeidet som har starta opp i kyrkjekjellaren på Vike. No er veggkledinga ferdig, golvet er lagt med varmekablar og nye vedlikehaldsfrie vindauge blir sett inn. Belegget er det neste som skal på plass. Her vil vi leige inn fagfolk, fortel Emil Balstad, leiar i prosjektgruppa. Han fortel vidare om ein iherdig dugnadsgjeng som har halde på kveld etter kveld. Mai var ein travel månad for mange, så då vart det ikkje gjort så mykje. Dermed kom vi ikkje i mål til sommarferien, slik planen var. Men vi trur ikkje det skal gå så langt ut over hausten før vi kan innvie kjellaren, seier han. Som sikkert mange fekk med seg, vedtok kommunestyret i vår å ta opp eit lån for å legge om oppvarmingssystemet i Vike kyrkje. Kommunen har store utgifter til oppvarming av kyrkja vår. Dermed er det god økonomi å investere i ei omlegging. Varme til kyrkjekjellaren er ein del av dette. På det viset ser det ut til at dei innsamla midlane lokalt er nok til å dekkje det resterande arbeidet i kjellaren. Emil vil nytte høvet til å takke alle dei som har sendt økonomiske bidrag til oppussingsarbeidet i vinter! Samtidig understrekar han at dersom prosjektet skal fullførast, må vi også møblere rommet med bord og stolar, få tak i litt meir servise og kanskje ein fastmontert projektor og lerret. Vi ønskjer

oss også ein hjørnesofa med bord, seier han. Då tenkjer vi på at dette skal vere ein stad vi kan leggje til rette for aktivitetar for barn og ungdom. Dette har vi ikkje pengar til enno, så det må nok ei ny innsamling til for å få til det.

Vi tar utfordringa og oppmodar alle som vil hjelpe til økonomisk, til å sende eit bidrag til **kyrkjekjellaren på konto nr 4056 58 45537.**



*Emil Balstad og Oddleif Bøe er godt nøgde med oppussingsarbeidet så langt.*

## Sommaravslutning for babysongarar i Vestnes kommune

*Av Inger Marie J. Sylte*

I starten av juni møtte babysongarar til ei felles avslutning i Tresfjord kyrkjestove. Heile 20 personar hadde meldt seg på. Her gjekk ein gjennom songar, dans, rim og reglar til stor glede for både store og små. Organist Sissel Schjøtt og trus-opplæringsprest Inger Marie Jakobsen Sylte leidde programmet. Med gode hjelparar på kjøkkenet kunne vi slutte av med eit fellesmåltid, eller rettare sagt, eit festmåltid: blommar på bordet, bollar, Aslaug Balstad sitt heimelaga syltetøy, laks og egg. Vi gleder oss allereie til oppstart etter sommaren. Alle 0-2-åringar er velkomne til å vere med, enten på Vestnes eller i Vike/Tresfjord.



*Kjekt å synge, både for store og små.*



# Ut på tur med ”ånd, sjel og lekam”

Av Inger Marie J. Sylte

Måndag 6. juni møtte ti 9-åringar frå Tomrefjord og Vestnes opp i regn og grått vêr. Vestnes sokneråd arrangerte ein tur ut i naturen og innbaud sine 4-klassingar til leik, bibelforteljing og mat.



Gjengen på skapelsestur.

Det heile starta på kyrkjekontoret på Myra. Her fekk dei sjå kvar organisten, diakonen, prestane, trusopplæraren og kyrkjevevja har kontor. Vidare gjekk turen ned mot Kråkvika med gapahuken som rastestad. På vegen fekk barna høyre om kor viktig det er å ta vare på naturen vi har rundt oss. Gud gav oss menneske ei kjempeviktig oppgåve då vi vart sette til å forvalte verda på best muleg måte. Vi fann alle ut at det er mykje som menneske skaper, som fører til forureining og øydelegg mykje av det grøne. Framme ved gapahuken delte niåringane seg inn i tre lag for å leite etter fine ting som Gud har skapt. Dette brukte dei til å lage eit naturbilete på steingrunnen. Imens vart bålet tent og maten gjort klar. Det smakte godt med pølser og marshmallows. På vegen vidare,



Pølser og marshmallows slår aldri feil.



Å lage bilde av ting Gud har skapt.

der kyrkja var målet, stoppa vi opp for å høyre ei bibelforteljing. Temaet var Peters fiskefangst. Jesus sa at han skulle bli menneskefiskar, at han skulle ut i verda og fortelje om Jesus til alle han møtte. Det vart ein hyggeleg tur som blei avslutta i Vestnes kyrkje. Dette tiltaket er i regi av trusopplæringsplanen til Vestnes sokneråd. Alle niåringar vil kvart år få invitasjon til dette opplegget.

## Korsvandring på Korstøneset

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Andre pinsedag var det igjen korsvandring på Gjermundnes. Finn Arne Roaldsnes leidde ein liten flokk frå stasjon til stasjon fram mot korset på Korstøneset, - ei slags mini-pilegrimsvandring med framføring av bønner, bibeltekstar og salmesong. Håkon Bygdås Høgset spelte kornett til og fylte lufta med vakker, rein klang. Den frodige forsommarnaturen danna ramme rundt vandringa fram mot det nakne korset på svaberga ytst ute mot blå fjord og himmel. Med dette mektige skaparverket som bakteppe blei nattverden utdelt.

Etterpå var det sett av tid til sosialt samvær med kaffi og gode, heimbaka kaker. Sjølv om det er noko uvisst om dette er ein historisk korrekt korsstad der ein feira gudsteneste i gammal tid, er det ein flott samlingsstad etter ei kort vandring fram mot målet - KORSET. Det var Vike sokneråd som stod som arrangør saman med Finn Arne Roaldsnes.





# Han “Kokk-Eina” og ho “Kake-Ane”

Av Per Bjørn Ellingseter

Livet i og ved kyrkja var nok heilt annleis i “gamle dagar ” enn det det er no. I dag tek folk seg kanskje tid til ein kort prat med kjentfolk etter gudstenesta, før dei set seg i bilen og køyrer heim.

Slik var det ikkje før. *Martin Kjøpstad* (1901-1988) har fortalt om livet på kyrkjebakken ved Tresfjordkyrkja i hans barndom. Den gongen samla folk seg etter gudstenesta for å høyre på kunngjeringane som lensmannen las opp frå kyrkjetrappa. Det kunne gjelde auksjonar, pålegg om pliktarbeid, melding om kommunale møte, fristar for skattebetaling og mykje meir. Desse nyheitene nådde på denne måten fram til alle i bygda, trudde Martin Kjøpstad, for som oftast var nokon frå kvart hus møtt fram når det var preikesøndag.

På andre sida av vegen budde ho “Kake-Ane” i eit lite hus, og ho dreiv butikk for kyrkjefolket i eit lite kammers. Noko stort varelager hadde ho ikkje plass til, og når det vart mange kundar, vart det sjølvsagt plassmangel. Då stengde ho døra og handla gjennom kammersglaset. Martin Kjøpstad fortel:

*Langaards skråtobakk, Bjørnesets kaffe i pakker, kamferdrops, peppermynte og lakris var ting jeg husker. Som namnet tilsier, solgte ho bakervarer, populært var runde skillingskaker, 3 stk. for 10 øre. Mange kjøpte med slike hjem, så de som var att heime, fikk en smakebit fra kirkereisa. Halvvoksne unger var mest interessert i lakris for 2 eller 5 øre, mannfolka for tobakk og kjerringene for kakene og dropsa. Var det bra værslag, var det kø framfor Ane sitt kammersglas.*

*Ane Hansdotter Sollied* (1847-1917), f. Sylte, var frå Kristengarden på Kyrkje-Sylte. Ved Fiksdals-kyrkja var der og ein kar som dreiv liknande handels-verksemd til kyrkjefolket. Han dreiv mest som

skreddar. Men om søndagane tente han seg ein ekstraskilling med å selje kaffi og kaffibrød til kyrkjefolket, og vart difor kalla “Kokk-Eina”. Han budde nær ved kyrkja, på ein husmannsplass like ved vegen mellom kyrkja og skulen, og låg såleis gunstig til for å drive handel med kyrkjefolket.

*Einar Johanson Gjelsten* (1824-1900) var frå Gjelsten, og hadde fått bygsla seg denne plassen under Nakken øvre. Folketeljinga i 1875 fortel at Einar var “husfader, bruger plads med jord, skrædder, bor i Kokkestuen”. Han hadde ei ku, ein sau og fem geiter. Einar vart gift med *Randi Håkonsdr. Grødal* frå Sunndalen. Dei var barnlause, og plassen gjekk inn under garden igjen.

Martin Kjøpstad fortel at også postkontoret i Kristengarden heldt ope etter gudstenesta. “Kontortid og søndagsfri var ikke aktuelt i de dager”, skriv han. På sin vanlege, karakteristiske måte, rundar han av forteljinga frå kyrkjebakken med ein humoristisk vri:

*Omsider tok folket på heimveg og gjerne i småflokker, som tyntes ut etter hvert som veien var lang. For folk ute fra sørstranda låg veien om Syltebakken, og der var open butikk. Der kunne man få komplettere sitt handelsskap av ting Ane på Kirkebakken ikke hadde i sitt forråd. Kommet ut i Løvika eller til Kjøpstad kunne man treffe dem som av gyldige grunner var “hjemmesittere”, og som var forlegen for å høre nytt fra kirkebakken. Dette kunne da bli behørig kommentert. En sjelden gang kunne man bli stilt spørsmålet: “Kva tekst hadde presten fore seg i dag, og kva sa han?” “Han trudde visst verda skulle forgå i nær framtid, det var no sett tegn herfor i sol og måne, - men det ble no allikevel bestemt ny preken om tre veker!*

## Haustprogram for Topp Safari

Topp Safari er trusopplæringa for born i alderen 0-13 år tilhøyrande Vike- og Tresfjord sokn. Alle aldersgrupper får invitasjon ein gong i året. Målet er at barn skal bli kjent med si eiga kyrkje, den skapte naturen og dei spanande bibelforteljingane. Her er vårens program:

0-1 år: Babysong Vike/Tresfjord: 06.09 (T), 28.09 (V), 26.10 (T), 30.10 (V), 13.12 (T)

4-5 år: Undretur i fjøra. Tresfjord/Vike saman. Vi møtast i Tresfjord, laurdag 17. september

6-7 år: Julespel med framføring. Tresfjord sokn: 15. desember. Vike sokn: 8. januar.

8-9 år: Byggjing. Tresfjord/Vike saman. Vi møtast på Daugstad, laurdag 15. oktober.

10-11 år: Fisketur for Tresfjord sokn. Fredag 14. oktober, Kjøpstad brygge.

12-13 år: Overnatting i fjellet. Tresfjord og Vike saman. Fredag 2. september.

## Velkommen til babysong!

**Fiksdal- og Vestnes sokn:** Oppstart tysdag 6. september kl.11.00 – 13.00. Vi har fått ny stad å vere: møt opp i kjellaren til kyrkjekontoret på Myra. Vi møtast annankvar tysdag.

**Vike- og Tresfjord sokn:** Oppstart onsdag 7.september kl. 11.00 – 13.00 i Tresfjord kyrkjestove. Vi møtast ein gong i månaden.

## Glad i å syngje?

Barn eller ungdom? 1 øving **TORSdag 1. SEPTEMBER!**

Velkomen til nye og gamle frå heile Vestnes kommune!!

Barnekoret Jubelgjengen (5-9 år) øver i Vestnes kyrkje kl 17.30 - 18.30 kvar torsdag. Ta med di eiga matpakke, så et vi kveldsmat saman. Korleiar Sissel Schiøtt ordnar med drikke til alle.

Ungdomskoret (10 år og oppover) øver kl 18.30 – 19.30 kvar torsdag i Vestnes kyrkje.

# Gudstenester i Vestnes

## 28. august 11. s. e. pinse

Vike kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane.  
Takkoffer til kyrkjelyden sitt arbeid.

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane.  
Takkoffer til kyrkjelyden sitt arbeid.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane  
frå Helland. Takkoffer til KRIK.

## 04. september 12. s. e. pinse

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste m/ hausttakkefest.  
Utdeling av 4-årsbok.  
Takkoffer til trusopplæring.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantane.  
Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet.

## 11. september 13. s. e. pinse

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse m/ nattverd.  
Diakoniens dag. Takkoffer til De fire  
diakoni-institusjonane. Søndagsskule.

## 18. september 14. s. e. pinse

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Haustattakkefest. Utd. av 4-årsbok til Helland  
og Tomrefjord. Takkoffer til trusopplæring.

## 25. september 15. s. e. pinse

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Haustattakkefest. Utd. av 4-årsbok.  
Takkoffer til Topp Safari.

Vike kyrkje kl. 17.00

Haustattakkefest. Utdeling til 2-åringar,  
4-åringar og 3. klasse.  
Takkoffer til Romsdal søndagsskulekrets.

## 02. oktober 16. s. e. pinse

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd.  
Takkoffer til Misjonsprosjektet.  
Søndagsskule.

## 09. oktober 17. s. e. pinse

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Misjonsgudsteneste.  
Utd. av bibel til 5. klasse.  
Takkoffer til Misjonsprosjektet.

## 16. oktober 18. s. e. pinse

Tomrefjord bedehus kl. 19.00

Songgudsteneste. Takkoffer til  
Song- og musikkaktivitetar.

## 23. oktober 19. s. e. pinse

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utd. av  
Det nye testament til 5. klasse  
frå Tresfjord og Vike.  
Lansering av den nye bibelen.  
Takkoffer til Evangeliesenteret.

## 30. oktober Bots- og bededag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd. Takkoffer til  
Normisjonen. Søndagsskule.

Vike kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 06. november Alle helgens dag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Helgemesse.  
Takkoffer til Åkerlehaugen.

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Helgemesse.  
Takkoffer til Kyrkjestova.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Helgemesse. Takkoffer til Wycliffe.

## 13. november 22. s. e. pinse

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse med nattverd. Takkoffer.

## 20. november S. s. i kyrkjeåret

Myra kulturhus kl. 11.00

Storfamiliegudsteneste med Barne- og ung-  
domsgospel. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 26. november Laurdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Adventssong. Takkoffer til IKO.

## 27. november 1. s. i advent

Vike kyrkje kl. 18.00

Lysmesse. Takkoffer til Famile og medier.

## 04. desember 2. s. i advent

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Familiemesse.  
Utd. av bibel til Tomrefjord og Helland.  
Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet.

# Slekters gang

## Vestnes kyrkje

### Døpte:

17.04 Jonas Hole  
17.04 Tyr Håseth  
24.04 Leah Antonia Holseter  
24.04 Thea Josefine Holseter  
24.04 Aron Leander Isaksen-Neraas  
12.06 Fabian Liabø Hanssen  
12.06 Tanachai Phetjiw  
12.06 Amanda Sunisa Sanden  
12.06 Isa Leanora Schiøtt-Ekren  
12.06 Alva Gausdal Vik  
12.06 Bendik Gausdal Vik  
17.07 Hermine Wilhelmine Skjegstad  
Neraas

### Vigde:

30.04 Ingebjørg Eidhammer og  
Simen Vidnes-Kopperud  
02.07 Camilla Kjellbotn Grüner og  
Erik Buås-Hansen  
06.08 Anna Stimson og Vidar Neraas

### Døde:

30.03 Tora Aas  
30.03 Odd Salthammer  
04.04 Emma Nina Ellingsæter  
07.04 Inger Johanne Bøen  
12.04 Martha Jenny Aas  
15.04 Bella Andersen  
16.04 Erna Gladys Misfjord  
19.04 Ella Lid  
28.04 Karen Oline Tomren  
13.05 Tor Arne Johansen  
09.05 Zygmunt Bonkowski  
01.05 Magnar Julian Brandt  
10.06 Annlaug Hildegunn Augdal  
16.06 Hilmar Olav Aas  
18.06 Lars Arvid Warmøy  
19.06 Eivind Misfjord  
21.06 Aksel Frafjord  
23.06 Einar Misund  
22.07 Lars Rune Lid Langstein

## Fiksdal kyrkje

### Døpte:

24.04 Michaela Dragnes Nakken  
03.07 Jenny Marken Bjørge  
24.07 Hermine Frostad

### Døde:

15.06 Sigurd P. Rekdal  
28.06 Solfrid Olsen  
22.07 Ottar Anselm Johansen  
07.08 Gunnar Fiksdal

## Tresfjord kyrkje

### Døpte:

25.04 Hans Viksjø Baltzersen  
25.04 Erling Jarl Løvik  
15.05 Elin Margrethe Olafsen  
05.06 Amund Duaso Larsen  
05.06 Ayleen Fiksdal Mjøse

### Vigde:

25.06 Kristina Bjermeland og  
Oddgeir Vikås  
06.08 Mona Liabø og Kristian Hanssen

### Døde:

05.04 Erna Synnøve Løvik  
05.05 Kristen Sætre  
17.05 Solveig Salthammer Fremstedal